

# **KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING**

**2017**



**KONTROLLUTVALET I  
ETNE KOMMUNE**

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2017.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret**".

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

### 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei talet på medlem i utvalet auka til 5.

For valperioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

#### Faste medlemer:

Leiar	<b>Ståle Tungesvik</b>
Nestleiar	<b>Ragni Sunniva Fett</b>
Medlem	<b>Arild Stenberg</b>
Medlem	<b>Sigve Sæle</b>
Medlem	<b>Åse Langhelle</b>

#### Varamedlemer:

- Pål Steinar Rullestad**
- Nina Vierdal Vee**
- Ivan Kaldheim**

Sigve Sæle hadde permisjon frå politiske verv i 2017. Pål Steinar Rullestad møtte fast. Sigve Sæle og Åse Langhelle har fått fritak frå sine verv. Nye faste medlemmer er Anna Eriksen (FrP) og Nina Vierdal Vee (Sp).

Ved utgangen av året besto utvalet av følgjande medlemmer:

**Faste medlemer:**

Leiar	<b>Ståle Tungesvik (Sp)</b>
Nestleiar	<b>Ragni Sunniva Fett (V)</b>
Medlem	<b>Ivan Kaldheim (H)</b>
Medlem	<b>Anna Eriksen (FrP)</b>
Medlem	<b>Nina Vierdal Vee (Sp)</b>

**Varamedlemer:**

- 1. Pål Steinar Rullestad (Ap)**
- 2. Gunnar S. Løhaugen (Sp)**
- 3. Lars Ebne (Krf)**

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Ordføraren har møte- og talerett i utvalet.

Ordføraren har delteke på tre av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Rådmannen har møtt på alle møta i 2017.

---

### **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2017**

---

Kontrollutvalet har i 2017 hatt 4 møte fordelt på to om våren og to om hausten. Utvalet har hatt 20 (24) saker til handsaming, kor 4 (6) saker blei sendt til kommunestyret. 36 (41) saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følgjer som vedlegg.

Møta i kontrollutvalet blir no haldne for opne dører etter lovendring 01.07.13. (Kommunelova § 77).

Ragni Sunniva Fett deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av NKRF på Gardermoen 1. – 2. februar og på haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland, i Sandnes 30. november.

Ståle Tungesvik deltok på fagkonferansen til FKT i Tromsø 7. – 8. juni.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 22. mai 2017, sak 07/17 kommunen sin årsrekneskap for 2016 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering.

Utvalet gav slik uttale:

*Etne kommune sin årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 1,9 mill. kroner.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 1 mill. kroner. Det utgjer 0,3 %, som er noko under anbefalt nivå på 1,75 %.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2016.*

Skatterekneskapen for 2016 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 13.02.17.

#### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekte plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 25.10.16, sak 77/16.

I møtet 02.10.17, sak 12/17 handsama utvalet forvaltningsrevisjonsrapport om «Sjukefråvær». I innstillinga kom utvalet med ni anbefalingar og det blei satt ein frist på seks månader. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 17.10.17 og sluttar seg til utvalet si innstilling.

Utvalet har i samarbeid med utvalet i Vindafjord tinga ein ny rapport for levering i 2018 om «IKT og informasjonstryggleik».

#### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 25.10.16, sak 78/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året.

#### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020.

Kommunestyret følgde kontrollutvalet si innstilling om å velje Deloitte AS som kommunen sin revisor i møtet 15.12.15, sak 100/15 for dei neste fire åra. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Else Holst-Larsen med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore ein eller fleire revisorar til stades på alle utvalsmøta. Dei har mellom anna presentert plan for rekneskapsrevisjon, og lagt fram forvaltningsrevisjonsrapporten om «Sjukefråvær» både til utvalet og til kommunestyret.

Utvælet har handsama revisor si eigenerklæring.

#### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvælet om aktuelle saker gjennom året og om framlegg til budsjett og økonomiplan.

Utvælet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

#### **4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN**

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2017.

TENESTE 1100	REGNSKAP 2016	BUDSJETT 2017 (utvælet)	REKNESKAP 2017
Godtgjersle og driftsutgifter	85 438	90 000	54 725
Revisjonstenester	266 212	370 000	396 384
Sekretariatstenester	159 000	167 000	167 000
Sum utgifter (eks.mva.)	<b>510 650</b>	<b>627 000</b>	<b>618 109</b>

Kontrollutvalet handsama hausten 2017 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2018. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine eigne utgifter på kr 640 000. Framlegg var sendt over til kommunestyret for handsaming.

#### **4.7 SEKRETARIAT**

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 13 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekreter har vore rådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpende.

Frå Etne kommune er Ståle Tungesvik vald til representantskapet i IKS'et med Ragni Sunniva Fett som varamedlem. Tungesvik var til stades på representantskapsmøtet 24.04.17.

---

#### **5. OPPSUMMERING**

---

Aktiviteten i 2017 har vore som planlagt. Utvalet og kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten om «Sjukefråvær». Det er bestilt eit nytt prosjekt i samarbeid med Vindafjord kommune om «IKT og informasjonstryggleik». Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

\*\*\*

Etne, 14. mai 2018

  
Ragni Sunniva Fett

  
Ståle Tungesvik  
Leiar

  
Ivan Kaldheim

  
Anna Eriksen

  
Nina Vierdal Vee

## VEDLEGG

---

### OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

**Saker til handsaming:**

- 01/17 Godkjenning av protokoll frå møte 21.11.16  
02/17 Referat- og orienteringssaker 13.02.17  
03/17 Årsmelding for kontrollutvalet 2016  
04/17 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sjukefråvær»  
  
05/17 Godkjenning av protokoll frå møte 13.02.17  
06/17 Referat- og orienteringssaker 22.05.17  
07/17 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2016  
08/17 Tilbakemelding på interimsrevisjon 2016  
09/17 Revisor si eigenerklæring for 2017  
  
10/17 Godkjenning av protokoll frå møte 22.05.17  
11/17 Referat- og orienteringssaker 02.10.17  
12/17 Rapport etter forvaltningsrevisjon – «Sjukefråvær»  
13/17 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt  
14/17 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2017  
15/17 Utvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2018  
  
16/17 Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.17  
17/17 Referat- og orienteringssaker 20.11.17  
18/17 Orientering om framlegget til budsjett 2018 og økonomiplan  
2018 - 2021  
19/17 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt –  
«IKT og informasjonstryggleik»  
20/17 Framlegg til møteplan for 2018

**Saker til orientering:**

1. Orientering frå rådmannen om «etiske retningslinjer og rutinar for handsaming av varsling og korruption»
2. Statusrapport pr. februar 2017
3. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes – evaluering/oppsummering
4. Rapport frå NKRF-konferansen - evaluering/oppsummering
5. K-styrevedtak 15.12.16, sak 86/16 – Fritak frå politisk verv – Sigve Sæle
6. Årsrapport 2016 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
7. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 16.12.16
8. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 01.12.16
9. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
10. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 fra NKRF
11. Statusrapport pr. mai 2017
12. E-post frå Etne Frp vedk. brot på kommunelova § 23-2, motteke 27.02.17
13. Førebels svar til Etne Frp – brev dagsett 01.03.17
14. Kontrollrapport 2016 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten

15. Representantskapsmøte – 07.04.17 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
16. Representantskapsmøte – 24.04.17 - Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte – 25.04.17 – Interkommunalt arkiv i Hordaland  
IKS
18. Representantskapsmøte – 28.04.17– Haugaland Vekst IKS
19. Representantskapsmøte – 24.05.17 - HIM IKS
20. Representantskapsmøte – 24.05.17 – Krisesenter Vest IKS
21. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
22. «Bernt svarer» - Kommunal rapport 24.04.17
23. Statusrapport pr. september 2017
24. Orientering frå FKT-konferansen 7. – 8. juni v/Tungesvik
25. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) – 07.06.17
26. K-styrevedtak 23.05.17, sak 29/17 – fritak frå verv i kontrollutvalet for Åse Langhelle
27. K-styrevedtak 21.06.17, sak 45/17 – suppleringsval til kontrollutvalet
28. Ekstraordinær generalforsamling – Haugalandspakken 30.10.17
29. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 30.11.17
30. Statusrapport pr. november 2017
31. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 30.11.17
32. K-styrevedtak 17.10.17, sak 54 /17 – rapport om Sjukefråvær
33. K-styrevedtak 17.10.17, sak 48 /17 – suppleringsval til kontrollutvalet
34. Innkalling til representantskapsmøte 29.11.17 – HIM IKS
35. Når kommunestyret har hastverk – Kommunal Rapport 16.10.17
36. Legemeldt sjukefråvær – 1. halvår 2017 – kommunar på Haugalandet